

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Fylkeseldrerådet i Hordaland</b>
<b>Møtestad:</b>	Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset
<b>Dato:</b>	10.11.2016
<b>Tid:</b>	09:30

### Program

Kl 09:30 – 11:30	Sakshandsaming
Kl 11:30 – 12:00	Lunsj
Kl 12:00 – 15:00	Sakshandsaming

Dersom nokon av rådet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall) eller sende melding til [folkevalde@hfk.no](mailto:folkevalde@hfk.no).

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Fylkeseldrerådet i Hordaland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Kåre Ystanes  
leiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 33/16	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 34/16	Godkjenning av sakliste		
PS 35/16	Godkjenning av møteprotokoll førre møte (22.09.2016)	2016/9382	
PS 36/16	Referatsak (meldingar)		
RS 18/16	Fagopplæring i Hordaland relatert til eldre	2016/9382	
RS 19/16	Orientering om arbeid med regional transportplan 2018-2029	2016/9382	
RS 20/16	Orientering frå pasient- og brukarombodet i Hordaland	2016/9382	
RS 21/16	Større saker til politisk behandling 2. halvår 2016 – pr. oktober	2015/10845	
RS 22/16	Evaluering av konferansen for kommunale eldreråd i Hordaland 1.-2. november 2016	2016/9382	
PS 37/16	Møtekalender for fylkeseldrerådet 2017	2016/9382	
PS 38/16	Årsmelding for fylkeseldrerådet 2015	2016/9382	
PS 39/16	Arbeid med handlingsplan for fylkeseldrerådet 2016-2019	2016/9382	
PS 40/16	Ymse		

**PS 33/16 Godkjenning av møteinnkalling**

**PS 34/16 Godkjenning av sakliste**



Arkivnr: 2016/9382-16

Saksbehandlar: Arild Sondre Sekse

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	35/16	10.11.2016

### Godkjenning av møteprotokoll førre møte (22.09.2016)

#### Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet godkjenner møteprotokoll for rådsmøte 22.09.2016 utan merknadar

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Utval:** Fylkeseldrerådet i Hordaland  
**Møtestad:** Sunnhordland, 4. etasje, Fylkeshuset  
**Dato:** 22.09.2016  
**Tidspunkt:** 09:00 – 12:20

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Kåre Ystanes	Leiar	PF
Inger M. Lingjerde	Medlem	PF
Odd Himle	Medlem	Seniorsaken
Gunda Falao Sparre	Nestleiar	LOP
Monrad Reigstad	Medlem	PF
Synnøve Solbakken	Medlem	FL A/SP/SV
Inger Sjong	Medlem	FL H/FRP/V/MDG

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

---

**Merknader**

---

**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Arild Sondre Sekse	Seniorrådgjevar/fung.rådssekretær

**Sakliste**

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 27/16	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 28/16	Godkjenning av sakliste		
PS 29/16	Protokoll fyl 08.06.2016	2016/9382	
PS 30/16	Referatsak (meldingar)		
RS 14/16	Orientering frå møte med Skyss om rutehefter	2016/9382	
RS 15/16	Status eldrerådskonferansen 1.-2. november i Bergen	2016/9382	
RS 16/16	Orientering frå møte om skulebruksplan for Hordaland	2016/9382	
RS 17/16	Status for brukarutvala i helseforetaka i Hordaland	2016/9382	
PS 31/16	Utarbeiding av handlingsplan for Hordaland fylkeseldreråd 2015-2019	2016/9382	
PS 32/16	Ymse		

## PS 27/16 Godkjenning av møteinnkalling

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 22.09.2016

### Vedtak

Møteinnkallinga vart godkjend utan merknadar.

## PS 28/16 Godkjenning av sakliste

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 22.09.2016

### Vedtak

Saklista vart godkjent med følgjande merknad: Fylkesadministrasjonen vert beden om å framskaffe oversikt over viktige politiske saker som er til handsaming i fylket to gonger i året slik det vart praktisert i førre valperiode. Dette for at fylkeseldrerådet lettare skal få fram relevante saker og kunna drøfte dei så tidleg som råd i handsamingsprosessen.

## PS 29/16 Protokoll fyl 08.06.2016

### Forslag til vedtak

Protokoll frå fylkeseldrerådsmøte 08.06.2016 vart godkjent utan merknadar.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 22.09.2016

### Vedtak

Protokoll frå fylkeseldrerådsmøte 08.06.2016 vart godkjent utan merknadar.

## PS 30/16 Referatsak (meldingar)

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 22.09.2016

I samband med RS 14/16 orienterte nestleiar frå møte med Skysst vedrørande rutehefte i kollektivtrafikken.

I samband med RS 15/16 gjekk rådet gjennom program for den føreståande eldrerådskonferansen 1.-2. november og fordelte ulike oppgåver til medlemmer av rådet.

I samband med RS 16/16 orienterte nestleiar frå møte om skulebruksplan for Hordaland.

I samband med RS 17/16 tok rådet status for brukarutvala i alle helseforetaka og gjennomførte val av nye representantar frå fylkeseldrerådet til desse brukarutvala i 2017-2019. Syner til vedtak.

### Vedtak

1. Referatsakene RS 14-16/16 vart tekne til orientering.
2. I samband med RS 17/16 vart gjort følgjande vedtak:
  - a. **Inger Lingjerde** er valt som Hordaland fylkeseldreråd sin representant i brukarutvalet for Haukeland Universitetssjukehus i 2017-2019. **Monrad Reigstad** er valt som vararepresentant.
  - b. **Synnøve Solbakken** er valt som Hordaland fylkeseldreråd sin representant i brukarutvalet for Helse Fonna i 2017-2019. (Rogaland fylkeseldreråd vel vararepresentant).
  - c. **Inger Sjong** er valt som vararepresentant i brukarutvalet for Helse Vest i 2017-2019. (Sogn og Fjordane fylkeseldreråd vel første-representanten).
  - d. **Gunda Falao Sparre** er valt som Hordaland fylkeseldreråd sin representant i brukarutvalet for Haraldsplass Diakonale Sjukehus i 2017-2019. **Odd Himle** er valt som

vararepresentant.

**RS 14/16 Orientering frå møte med Skyss om rutehefter**

**RS 15/16 Status eldrerådskonferansen 1.-2. november i Bergen**

**RS 16/16 Orientering frå møte om skulebruksplan for Hordaland**

**RS 17/16 Status for brukarutvala i helseforetaka i Hordaland**

**PS 31/16 Utarbeiding av handlingsplan for Hordaland fylkeseldreråd 2015-2019**

**Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.**

**Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 22.09.2016**

Det vart ikkje gjort vedtak i saka. Rådet vil arbeide vidare med innhald til handlingsplan og mellom anna invitere dei kommunale eldreråda til å koma med innspel på den føreståande eldrerådskonferansen i Bergen 1.-2. november.

**PS 32/16 Ymse**

**Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 22.09.2016**

Desse tema vart tekne opp under «Ymse»:

1. Status vedr studietur til Danmark i april 2017.
2. Status årsmeldingar for 2015 og 2016.
3. Orientering frå Pensjonistforbundets konferanse i Bergen.
4. Status i prosjekt om universell utforming på buss og bybane i Bergen.
5. Brev til fylkeseldrerådet frå Seniorsaken i Hordaland om «eldre i trafikken».

**Vedtak**

Fylkeseldrerådet tek desse punkta til orientering.



## **PS 36/16 Referatsak (meldingar)**



## Notat

Dato: 03.11.2016  
Arkivsak: 2016/9382-9  
Saksbehandlar: ariseks

---

**Til:** Fylkeseldrerådet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Fagopplæring i Hordaland relatert til eldre

Ein representant frå leiinga i seksjon for fagopplæring i opplæringsavdeling vil orientere om situasjonen for fagopplæring, lærlingar, innan primærhelsetenestene, heimehjelp, sjukeheimar, m.m. – utsikter til rekruttering i desse gruppene og framtidige utfordringar.

**Notat**

Dato: 03.11.2016  
Arkivsak: 2016/9382-10  
Saksbehandlar: ariseks

---

**Til:** Fylkeseldrerådet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Orientering om arbeid med regional transportplan 2018-2029**

Framdriftsplanen for arbeidet regional transportplan 2018-2029 er i grove trekk som følgjer; utarbeiding av planforslag i 2016, handsaming i utval for miljø og samferdsel (MISA) og fylkesutvalet (FUV) i januar 2017 med vedtak om høyring av planforslaget, handsaming av innkomne uttalar og politisk sak med endelig vedtak i plan i fylkestinget i juni 2017.

Nettsida for planarbeidet er her; <http://www.hordaland.no/nn-NO/plan-og-planarbeid/regionale-planar-under-arbeid/regional-transportplan/>

Spesialrådgjevar Marte Hagen Eriksrud på transportplanseksjonen i samferdselsavdelinga vil orientere om saka og svare på spørsmål fylkeseldrerådet måtte ha.



## Notat

Dato: 03.11.2016  
Arkivsak: 2016/9382-11  
Saksbehandlar: ariseks

---

**Til:** Fylkeseldrerådet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Orientering frå pasient- og brukarombodet i Hordaland**

Pasient- og brukarombodet i Hordaland er ombod for omlag 520 000 innbyggjarar der litt fleire enn halvparten bur i Bergen. Ombodet blir kontakta av folk busett i heile Hordaland både når det gjeld saker frå spesialisthelsetenesta og frå den kommunale helse- og omsorgstenesta.

Pasient- og brukarombod Rune Skjælaaen vil orientere om arbeidet og svare på spørsmål frå fylkeseldrerådet.

Nettside: <https://helsenorge.no/pasient-og-brukerombudet/hordaland>



**Notat**

Dato: 11.10.2016  
Arkivsak: 2015/10845-7  
Saksbehandlar: stahaug

---

<b>Til:</b>	Fylkesutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

**Større saker til politisk behandling 2. halvår 2016 – pr. oktober**

Tabellen under viser saker som administrasjonen arbeider med og som det er planen å leggja fram for politisk behandling i løpet av 2. halvår 2016. Oversikta vert ajourført til kvart/annakvart møte i fylkesutvalet, slik at saker som er ferdig behandla vert tekne ut av lista og nye kan koma til. For nokre saker er det så langt ikkje fastsett dato for når dei kjem til behandling.

Saker	Utval for kultur, idrett og regional	Utval for opplæring og helse	Utval for miljø og samferdsel	Fylkesutvalet	Fylkestinget	Sist endra	Merknad
<b>Økonomi- og organisasjonsavdelinga</b>							
Budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2021	08.11.	03.11.	03.11.	16.-17.11.	13.-14.12.		
Handlingsplan for likestilling, likeverd og inkludering							
<b>Regionalavdelinga</b>							
Regional plan for areal- og transport i Bergensområdet – vedtak						10.10.	Politisk hands. juni 2017
Regional kystsonesplan for Sunnhordland og ytre Hardanger – vedtak						10.10.	Pol. hands. 2017
Regional satsing for forskningsbasert innovasjon 201 –2019				16.-17.11.		02.09.	
Eigarskapsmeldinga				16.-17.11.	13.-14.12.	02.09.	
Vidareføring av omstillingsarbeidet på Sør –og Vestlandet				8.12.		02.09.	
Klimaplanens handlingsprogram	6.12.		1.12.	8.12	13.-14.12	10.10.	
Regional planstrategi 2016-2020	6.12.	1.12.	1.12.	8.12	13.-14.10	10.10.	

Saker	Utval for kultur, idrett og regional	Utval for opplæring og helse	Utval for miljø og samferdsel	Fylkesutvalet	Fylkestinget	Sist endra	Merknad
<b>Samferdselsavdelinga</b>							
Bompengesøknad for Sotrasambandet			01.12.	08.12.	13.-14.12.		
KVU Voss-Gol			02.11.	16.-17.11.			
Takstsøknad Haugalandspakken			02.11.	16.-17.11.			
Rullering av drifts- og vedlikeholdsstrategi for fylkesvegnettet			01.12.	08.12.	13.-14.12.		
Plan- og byggjeprogram for fylkesveg i Bergen			01.12.	08.12.	13.-14.12.		
Plan- og byggjeprogram for fylkesveg i utanom Bergen			01.12.	08.12.	13.-14.12.		
Ringveg aust og E39 Nordhordlandsbrua-Åsane			03.11.	16.-17.11.			
Søknad om tilskot til ferjesambandet Breistein-Valestrand			03.11.	16.-17.11.			
Masfjordbrua – statusoppdatering			01.12.	08.12.			
Kollektivstrategi – handlingsprogram			01.12.	08.12.	13.-14.12.		
<b>Opplæringsavdelinga</b>							
Klassesak /justering tilbudsstruktur		01.12.*		08.12.			*endra
Ny inntaksmodell		03.11.		08.12.	13.-14.12.		
Eit framtidsretta skuletilbod for ungdom frå Etne		03.11.		16.-17.11.	13.-14.12.		
Tilstandsrapporten		03.11.		16.-17.11.	13.-14.12.		
<b>Kultur- og idrettsavdelinga</b>							
Oppfølging Regional kulturplan 2015-2025 – handlingsprogram 2017	08.11.			16.-17.11.	13.-14.12.		
Idrettscampus Bergen	06.12.	01.12.		08.12.	13.-14.12.		
Tildeling Museumsløfte 2016	11.10.						
Tildeling av BARK-midlar 2017	06.12.						
Tildeling av KIK-restmidlar	11.10.						
Årsrapport for KIK-prosjektet 2016-2017	06.12.						
Utviklingstipend 2016	8.11.						
<b>Tannhelse</b>							Ingen saker

<b>Saker</b>	<b>Utval for kultur, idrett og regional</b>	<b>Utval for opplæring og helse</b>	<b>Utval for miljø og samferdsel</b>	<b>Kontrollutvalet</b>	<b>Fylkestinget</b>	<b>Sist endra</b>	<b>Merknad</b>
<b>Sekretariatet for kontrollutvalet</b>							
Selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i				17.11.	13.- 14.12.		Utsett i f-ting. okt.
Forvaltningsrevisjon av innkjøp i vidaregåande skular				20.10.	13.- 14.12.		
Forvaltningsrevisjon av NDLA – 2				17.11.	13.- 14.12.		

**Notat**

Dato: 03.11.2016  
Arkivsak: 2016/9382-12  
Saksbehandlar: ariseks

---

**Til:** Fylkeseldrerådet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Evaluering av konferansen for kommunale eldreråd i Hordaland 1.-2. november 2016**

Fylkeseldrerådet sto som arrangør for Eldrerådskonferansen i Hordaland 2016. Konferansen samla om lag 70 representantar frå eldreråda i 28 (av i alt 33) hordalandskommunar.

Rådet vil evaluere konferansen basert på eigne erfaringar av innlegg og føredrag, og tilbakemeldingar frå deltakarane. Rådet vil òg drøfte korleis tilbakemeldingar frå konferansen skal påverke fylkeseldrerådet sitt arbeid i inneverande periode (2015-2019).

Vedlegg:  
Program for konferansen



# Eldrerådskonferansen 2016

## for kommunale eldreråd i Hordaland

1. - 2. november på Scandic Ørnen Hotel, Bergen



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE



## PROGRAM

### Tysdag 1. november

Registrering frå kl. 10.00

- 11.00 Velkommen**  
v/ Kåre Ystanes, leiar i fylkeseldrerådet
- 11.05 Helsing**  
v/ Pål Kårbø, Fylkesvaraordførar
- 11.20 Kulturinnslag**
- 11.40 Region- og kommunereforma.  
Kva har vi i vente?**  
v/ Lars Sponheim, Fylkesmannen i Hordaland
- 12.30 Lunch**
- 13.30 Kva har god mat til pleietrengande eldre  
å seie for livskvaliteten?**  
v/ Helge Bergslien, Mathuset i Stavanger
- 14.30 Innsjekk og pausemat**
- 15.00 Kva for effekt får vi av omsorgsteknologi  
i Noreg? Status for nasjonale planar  
og strategiar.**  
v/ Astrid Nyeng, Nasjonalt velferdsteknologi-  
program / Direktoratet for e-helse
- 16.00 Lyttevenprosjektet:  
Om å bygge bru mellom barn og eldre**  
v/ Arild Birkenes, Fylkeseldrerådet i Vest-Agder
- 17.20 Fritid**
- 19.30 Middag med kulturinnslag**

### Onsdag 2. november

- 09.00 Syng i vakre morgonstunder!**
- 09.10 "Aktive eldre" - eit prosjekt for ein aktiv  
og levande alderdom**  
v/Tor Engevik, Leiar i Norsk sjukepleiarforbund  
si faggruppe i geriatri og demens og Unni Olsen,  
Seniorgruppa i Bergen Styrkeløftklubb
- 10.40 Utsjeking/pausemat**
- 11.10 Utan dei eldre stoppar Noreg: Om eldre i  
arbeidsliv og som samfunnsressurs**  
v/Kari Østerud, Senter for seniorforskning
- 12.00 Gruppearbeid**
- 12.40 Drøfting i plenum**
- 13.10 Avrunding / oppsummering**
- 13.20 Avslutningslunch**
- Takk og vel heim!

# Eldrerådskonferansen i Hordaland 2016

1. - 2. november på Scandic Ørnen Hotel, Lars Hillesgt. 18, Bergen

## Praktisk informasjon:

Overnatting pr natt, 1 person i standardrom kr. 1500,-  
(tillegg for evt person nr 2 på same rom, kr. 200,-)

Dagpakke (inkl kaffe/te, pausemat og lunsj) kr. 600,- pr person pr dag  
Konferansemiddag 1/11 kl 19:00 kr. 250,- pr person


(Totalpris med 1 overnatting og middag vert altså kr. 2950,- pr. person)

Eldreråda/kommunane dekkjer sjølv reiseutgifter.  
Det vil i etterkant av konferansen bli sendt ut faktura  
for konferanseopphaldet til dei respektive kommunane.

## Påmeldingsfrist: 1. oktober 2016

Sekretær eller leiar for kvart elderråd må melde inn samla  
påmelding på utsendt påmeldingsskjema, eller liste med opplysningar  
som vist nedanfor, til epost: [eldreradskonferansen@hfk.no](mailto:eldreradskonferansen@hfk.no)

(Evt spørsmål eller etterpåmeldingar må òg skje til same adresse.)



Døme:

Namn	Epost/mobil	Overnatting 1.-2. nov	Dagpakke dag 1	Dagpakke dag 2	Konferanse- middag	Mat/allergi
Ole Olsen	oleolsen@..	JA	JA	JA	JA	Ikkje gluten





Arkivnr: 2016/9382-15  
Saksbehandlar: Arild Sondre Sekse

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	37/16	10.11.2016

### Møtekalender for fylkeseldrerådet 2017

#### Samandrag

Framlegg til møtedatoer for fylkeseldrerådet i 2017:

torsdag 2. februar / torsdag 6. april / torsdag 1. juni / torsdag 7. september / torsdag 26. oktober /  
torsdag 7. desember

#### Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek følgjande møtedatoer for 2017:

torsdag 2. februar / torsdag 6. april / torsdag 1. juni / torsdag 7. september / torsdag 26. oktober /  
torsdag 7. desember

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



Arkivnr: 2016/9382-13  
Saksbehandlar: Arild Sondre Sekse

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	38/16	10.11.2016

### Årsmelding for fylkeseldrerådet 2015

#### Samandrag

Årsmelding for fylkeseldrerådet 2015 vert lagt fram for godkjenning.

#### Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet godkjenner Årsmelding for fylkeseldrerådet 2015.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## **ARSMELDING 2015**

### **Hordaland fylkeseldreråd**

Inføring av lovfesta eldreråd i kommunar og fylkeskommunar vart lovpålagt frå 1. januar 1992. Det har gitt eldre personar auka medraderett i saker som vedkjem eldre. Dette er i samsvar med prinsippa som vart vedteke av FN i 1991. Fylgjande punkt er tekne med under hovedområde deltaking:

«Eldre skal vere integrert i samfunnet, delta aktivt i utforming og gjennomføring av politikken som direkte vedkjem deira velferd og dele sine kunnskapar, dugleik og erfaringar med yngre generasjonar.»

Eldreråda er viktige talerør i slik samanheng.

Fylkeseldrerådet i Hordaland er eit rådgjevande organ for fylkeskommunen og fylkeskommunale verksemder når det gjeld tilhøve som vedkjem eldre og eldre sine levekår. Rådet kan også sjølv ta opp saker.

Fylkeseldrerådet samarbeider og har kontakt med dei 33 kommunale eldreråda i Hordaland og med Statens seniorråd, som vart oppretta ved Kongeleg resolusjon 19. april 2002.

Eldrerådet si funksjonstid er fire år og fylgjer fylkestingsperioden. Nytt eldreråd vart oppnemnd etter fylkestingsvalet i september 2011.

Saksdokument og møtebøker frå rådsmøta i fylkeseldrerådet er tilgjengelege på fylkeskommunen sin nettportal til liks med politiske organ i fylkeskommunen.

#### **Fylkeseldrerådet (FYEL) – sammansetting**

##### **For valperioden 2011 – 2015:**

Margot Bertheussen – leiar	Vara: Minda Olsen
Kåre Ystanes – nestleiar	Vara: Solveig Karin Vassenden
Martin Monrad Reigstad - medlem	Vara: Magnus Normann
Arne Gunnar Trædal – medlem	Vara: John Fløysand
Anne Karin Davidsen – medlem	Vara: Svein Njåstad

Politisk valde representantar:

Jette Lunemann Hansen (A)	Vara: Tore Svendsen (SV)
Dagfinn Vik (FRP)	Vara: Bjørn Arne Aakre (FRP)

#### **Sekretariat:**

FYEL har hatt møtesekretær/sakshandsamar/rådgjevar som administrativt er tilknytt organisasjonsavdelinga i fylkeskommunen. Ingeborg Borgen Takle har hatt sekretariatfunksjonen i 2015 og til dels Arild Søndre Sekse.

#### **Arbeidsutval:**

Margot Bertheussen (leiar), Kåre Ystanes (nestleiar), Ingeborg Borgen Takle og Arild Søndre Sekse har fungert som arbeidsutval for FYEL.

#### **Budsjett:**

Budsjett- og rekneskapsansvar for rådet er lagt til økonomiavdelinga.

FYEL hadde til disposisjon eit budsjett på kr. 400.000, i 2015. Auker i budsjettet var at Hordaland skulle arrangere møtet for Vestlandssamarbeidet i 2015, (Fylkeseldreråda i Rogaland, Sogn og Fjordane og Hordaland). Budsjettet vert elles nytta til rådet sine møte, den årlege konferansen for dei kommunale eldre-råda, deltaking på konferansar, seminar og til Vestlandssamarbeidet.

#### **KURS OG KONFERANSAR**

##### **Eldrerådskonferansen 2015**

Fylkeeldrerådet arrangerar kvart år ein todagars konferanse for dei kommunale eldreråda i Hordaland. Konferansen i 2015 vart lagt til Radisson Blu Hotel Norge i Bergen tysdag 22. sept. og onsdag 23. sept. Leiar i kultur- og ressursutvalet, Anne-Beth Njærheim, opna konferansen, og elevar frå Langhaugen VGS stod for kulturinnslag. Konferansen hadde fylgjande tema og innleiarar:

**Kommunereforma:** fakta, utfordringar og status før kommunevalet, v/OleBakkebø, rådgjevar hjå Fylkesmannen i Hordaland.

**Utfordringar innan demensomsorga,** v/overlege Paal Naalsund, geriatrisk avd., Haraldsplass diakonale sjukehus.

**Friluftslivets år** i Felles utflukt til Fløyen.

**Erfaringar med samhandlingsreforma** innan helse og eldreomsorg.

**Perspektiv helseforetak** v/konst.adm.dir, Anne Sissel Faugstad, Haukeland universitetssykehus

**Perspektiv kommune,** v/ordførar Astrid Byrknes, Lindås kommune

**Morgendagens eldreomsorg** v/Stein Husebø, Verdighetsseneret

**Gruppearbeid og drøfting i plenum**

##### **Vestlandskonferansen 2015**

Fylkeseldreråda i Sogn og Fjordane, Rogaland og Hordaland i fleire år hatt eit

regionalt samarbeid. I fjor hadde fylkeseldreråda ein studietur til Island. I 2015 vart dette regionale samarbeidsmøtet halde på Hotel Ullensvang i Hardanger.

Programmet for konferansen var slik:

**Margot Bertheussen og ordførar i Ullensvang, Solfrid Borge,** ynkste deltakarane velkomne.

**Morgondagens aktivitetssenter** v/Gro Renstrøm Moen, Pensjonistforbundet

**Universell utforming: Naudsynt for nokre og bra for alle** i v/Ragnhild Aak Skajaa, rådgjevar, eigedomsseksjonen Hordaland fylkeskommune

**Friidrettslivets år: Fottur med guide i Edvard Grieg sine fotspor**  
Guide: Edmund Utne, tidl. hotelldirektør

**Middag med kulturelle innslag**

**Samferdsel, korrespondanse og anbod,** v/Oddmund Sylta, adm.dir. i Skyss

**Kommunereforma: Kva vert framtida for kommunar og fylkeskommunar ?**  
v/Ole Bakkebø, rådgjevar, Fylkesmannen i Hordaland

**Omsorgsteknologi**  
v/Kari Eidsheim Bjørkheim, einingsleiar Lindås kommune og Hildegunn Baravelli, ergoterapeut Lindås kommune

## **Landskonferansen for fylkeseldreråd 2015.**

**Fevik Strandhotell**

**Apning av landskonferansen** v/fylkesordførar i Aust-Agder, Bjørgulv Sverdrup Lund, leder av fylkeseldrerådet i Aust-Agder og Wenche Frogn Sellæg, leder av Statens seniorråd

**Aktuelt fra Statens seniorråd** v/leder, Wenche Frogn Sælleg

**Demens og livskvalitet** v/overlege Susanne Hernes, geriatrisk avd, Sørlandet Sykehus HF

**Demens – konsekvenser for pårørende**  
v/psykiater og overlege, alderspsykiatrisk seksjon, Oslo universitetssykehus HF

**«Terje Vigen»** v/Svein Kleivane

**Nasjonale faglige retningslinjer og veileder for demens,**  
v/Vegard Vige, kommuneoverlege i Grimstad

**Friskvern** v/Harry Svendsen, prosjektkoordinator Østre Agder

**Etter kvart innlegg var det høve til å stille spørsmål**

**Etter lunsj var det utflykt til Arendal med besøk på Kuben, Aust-Agder museum og arkiv. Sang av Kirsten Bråten Berg, enkel bespisning og en liten tur til Tromøya.**

**Avslutningsmiddag m/musikalsk innslag v/Anne Karin Kaasa**

**Kontakt på tvers av aldersgrenser. Hvorfor er den viktig ?**  
v/professor Gunhild Hagestad

**Overraskelseskåseri v/sokneprest Theis Salvesen**

**Avslutning v/Ragnhild Thomassen, leder av fylkeseldrerådet i Aust-Agder**

**Fylkeseldrerådet har hatt fylgjende representantar i brukarutvala for Helseforetaka i Hordaland:**

Helse Bergen: Margot Bertheussen, vararepr.

Haraldsplass Diakonale Sykehus: Arne Gunnar Trædal, vararepr.

Helse Vest: Dagfinn Vik, vararepr.

Helse Fonna: Kåre Ystanes, vararepr.

På slutten av 2016 skal Fylkeseldrerådet på nytt ha representantar i alle desse brukarutvala.

**Saker som har vore handsama av Fylkeseldrerådet i 2015:**

Dei varlege sakene som godkjenning av sakliste, saksprotokoll frå førre møtet og referat frå siste AU-møte har vore oppe på kvart møte.

Elles har vi fått referat om den økonomiske stoda med jamne mellomrom.

**I møte 05.02.2015** vart det referert eit rundskriv frå Buskerud fylkeskommune, oppnemning av representantar til brukarutval i Helse Vest der Sven Hove frå Rogaland vart fast representant, og Dagfinn Vik frå FYEL Hordaland vart vara. Ellers hadde vi til drøfting Vestlandskonferansen, tidfesting av eldreråds-konferansen 2015 og saker til drøfting i 2015.

**Møte 09.04.15:**

Ingen referatsaker. Vi hadde oppe melding om oppstart av arbeid med oversikt over folkehelsestilstanden i Hordaland – det fireårige oversiktsdok. og det løpande arbeidet.

Rett etter møtet hadde vi møte med Skyss om reduksjon i rutehefte i papirformat. Vi ba Skyss om at dei burde ha rutehefte i bussane i distrikta. Vi hadde og oppe programmet for Vestlandskonferansen og om deltaking på Landskonferansen for fylkeseldreråd. FYEL vedtok å arrangere eldreråds-konferansen 22.-23. september 2015.

**Møte 18.06.15:**

FYEL vedtok å sende den uttalen som vart vedteken på konferansen for fylkeseldreråd i Fevik til fylkesrådmannen som orientering. Det vart og vedteke utkast til program for konferansen for eldreråd i Hordaland.

Janne Værnø, kommunikasjonsdirektør, orientert om sekretariater og arbeidet med nytt utvalssekretariat. FYEL drøfta og bruk av nettbrett i fylkeseldrerådet og elektronisk utsending av sakene.



**Møte 05.11.15:**

FYEL handsama økonomien til fylkeseldrerådet og i den samanheng sende eine eit ynskje til Fylkesrådmannen om eit tilskot på kr. 400.000,-. FYEL evaluerte Eldrerådskonferansen. FYEL meinte at det hadde vore ein innhaldsrik og vellukka konferanse, og hadde fått svært mange og gode tobakemeldingar. Om lag 50 medlemmer frå eldreråda i 23 kommunar deltok. FYEL godtok og årsmeldinga for 2014. I tillegg tok FYEL til etterretning orienteringar om brukarutvala for Helse Bergen, Helse Fonna og Haraldsplass diakonale sykehus. Fylkeseldrerådet avslutta med julemiddag.

**Møte 02.12.15:**

FYEL hadde sitt første møte med nytt fylkeseldreråd. Første sak var konstituering av nytt fylkeseldreråd. Til leiar vart vald Kåre Ystanes og til nesteiar Gunda Falao Sparre. Det kom og opp ei drøfting om arbeidsutvalet skulle ha 2 eller 3 medlemmer med sekretær. Resultatet vart 2 medlemmer pluss sekretær. Rådet hadde og opppe saksprotokoll frå første møte. Den vart godkjend sjølv om berre to representantar frå det første fylkeseldrerådet var til stades. FYEL gav og uttale om Regional Transportplan Hordaland 2018-2029. FYEL bestemte og møtedatoar for 2016 Fylkeseldrerådet hadde og opppe ei sak når det gjeld sekretærfunksjonen. I valperioden 2011-2015 har fylkeseldrerådet hatt fire ulike sekretærar. Det er eit ynskje frå FYEL at fylkesadministrasjonen får ein fast sekretær.

Bergen, 31. oktober 2016



Arkivnr: 2016/9382-14  
Saksbehandlar: Arild Sondre Sekse

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	39/16	10.11.2016

## Arbeid med handlingsplan for fylkeseldrerådet 2016-2019

### Samandrag

Fylkeseldrerådet vil arbeide vidare med å lage handlingsplan for 2016-2019, basert på vedlagte førsteutkast. Ein vil i møtet leggje fram innspel frå dei kommunale eldreråda i Hordaland (som kom fram under eldrerådskonferansen 1.-2. november 2016) og vurdere kva for forslag som evt skal innarbeidast i endeleg handlingsplan.

### Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek at det vert lagt fram nytt utkast til handlingsplan 2016-2019 i fylkeseldrerådsmøte 8. desember.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## **HANDLINGSPLAN for Fylkeseldrerådet i Hordaland 2016-2017**

### **INNHOOLD:**

Eldrerådet sitt mandat.....	side
Forord om Fylkeskommunen sine ansvarsområde.....	side
Fylkeseldrerådet ; eit reelt samarbeidsorgan for fylkeskommunen. ....	side
1. Innanfor samferdsle.....	side
2. Innanfor folkehelse og tannhelse.....	side
3. Innanfor kultr.....	side
4. Vidaregåande opplæring.....	side
5. Fylkeseldrerådet som formidlar av kunnskap og informasjon .....	side
6. Eldre som ressurs.....	side

## **Fylkeseldrerådet ; eit reelt samarbeidsorgan for fylkeskommunen.**

Fylkeseldrerådet ønskjer å vera eit reelt rådgivings- og samarbeidsorgan for fylkeskommunen.

- A For å oppnå dette må rådet få tidleg kunnskap om planarbeidet i fylkeskommunen og kjennskap til når sakene skal handsamast i dei politiske organa. Fylkeseldrerådet vil difor krevja å bli tidleg informert om planane HFK har når det gjeld alle HFK sine ansvarsområde, som er:
  - 1. Samferdsle
  - 2. Folkehelse
  - 3. Tannhelse
  - 4. Vidaregåande opplæring
  - 5. Kultur
- B. Fylkeseldrerådet vil også på eige initiativ gi innspel og kommentarar på område som fylkeseldrerådet meiner er viktige for dei eldre i Hordaland fylkeskommune.

### **1. Samferdsle**

side

- a. Fylkeseldrerådet vil ha særleg merksemd på kollektivtrafikkordningane i fylket, både når det gjeld lokaltrafikken i kommunane og langdistansetraffikk over kommunegrensene , med særlig fokus på:
  - i. Skyss sine tilbod både når det gjeld ruteopplegget, informasjonen til brukarane og tilrettelegging for eldre og funksjonshemma
- b. Fylkeseldrerådet vil arbeida for at alle vegplanar inneheld punkt om at
  - i. det blir laga sykkel-/gangsti langs alle nye vegar samstundes som vegen blir bygd.
- C Fylkeseldrerådet vil
  - a) arbeida for at universell utforming også må gjelda for innreiing av dei kollektive transportmidla som fylket har ansvaret for,
  - b) og for tilkomst til alle fylkeskommunale bygg
  - c) delta i prosjekt om universell utforming når dette skulle vera aktuelt
  - d) arbeida for at turområde vert tilrettelagde for rørslehemma slik at dei kan koma seg ut i naturen på eiga hand eller ved hjelp av medhjelpar.
- D Fylkeseldrerådet vil
  - a) arbeida for at punkt 12 i ”Retningsliner for Transportordninga for funksjonshemma i Hordaland” (TT-kort) vert endra, slik at brukarar som er innvilga TT-kort ikkje misser dette sjølv om dei vert innlagde i institusjon. Fylkeseldrerådet meiner at det ikkje er berre rullestolsbrukarar og blinde/ sterkt svaksynte som har behov for å delta i (til dømes private) sosiale samanhengar utanom institusjonen utan å vera avhengig av transport frå pårørande eller andre privatpersonar.

## 2. Folkehelse og tannhelse

Fylkeseldrerådet vil vera pådrivar for at fylkeskommunen

*Folkehelse:*

Fylkeseldrerådet vil

- a vera representert i brukarutvala for sjukehusa i fylket
- b samarbeida med nord- og sørfylka om representasjon regionsvis

*Tannhelse*

Fylkeseldrerådet vil vera pådrivar for at

- a) alle eldre over 75 år får tilbod om gratis tannkontroll annakvart år uavhengig av om dei mottek anna hjelp gjennom det offentlege

## 3. Kultur

Fylkeseldrerådet vil vera pådrivar for at

- a det blir avsett tilstrekkelege midlar til den kulturelle spaserstokken slik at institusjonar for eldre kan gi sine bebuarar kulturtilbod
- b at eldre og funksjonshemma kan få delta i kulturtilbod der dei bur (også på institusjonar)
- c det blir lagt tilrette for at eldre og rørslehemma kan koma seg ut i naturen og fram til fritluftstilbod
- d det blir avsett midlar til å støtta opp om friviljuge organisasjonar som arbeider for eller organiserer eldre

## 4. Vidaregåande opplæring

Fylkeseldrerådet vil vera pådrivar for at fylkeskommunen

- a) gir tilstrekkeleg utdanningstilbod innanfor område som er relevante for å få nok personell i eldreomsorga, til dømes i helse- og sosialfag
- b) tilbyr lærlingeplassar i sine verksemder, slik at elevane får fullført utdanning i t.d. sosial-og helsefag
- c) fylkeskommunen oppfordrar kommunane til å tilby lærlingeplassar innan sosial- og helsefag i kommunale verksemder
- c) gir tilbod til vaksne, slik at personar som er i arbeid i helse- og sosialfagområdet, men ikkje har formell utdanning, kan få fagbrev eller annan dokumentasjon på kompetansen sin.

## 5 Fylkeseldrerådet som formidlar av kunnskap og informasjon

- A Fylkeseldrerådet vil halda seg orientert om utviklinga innanfor eldreomsorga generelt og eldreomsorgsteknologien spesielt, både i Noreg og i Europa ved å

- a delta på, kurs som HiB arrangerer
  - b. delta på felles samling for fylkeseldreråda i S& Fj og Rogaland
  - c delta på felles samling for alle fylkeseldreråd
  - d delta på studietur saman med fylka i nord og sør
- B Fylkeseldrerådet vil formidla ny kunnskap innanfor eldreomsorga og eldrepolitikken ved å
- a arrangera årlege konferansar for alle kommunale eldreråd i Hordaland fylke
- C Fylkeseldrerådet vil medvirka til at dei kommunale eldreråda vært informerte om .....

## 6 Eldre som ressurs

Fylkeseldrerådet vil:

- 1 arbeida for å synleggjøre
  - a) eldre sin kompetanse
  - b) eldre som ressurspersonar
- 2 oppmuntra eldre til å påta seg ulike offentlege verv

**PS 40/16 Ymse**